Rømt Lingalaks og gjenfangst i Uskedalen. 16.07.2016



Gjenfangst av rømt Lingalaks i Uskedalen gav ikkje resultat.

Uskedalselva har vore ein del av gjenfangsten av rømt oppdrettslaks frå Lingalaks sitt anlegg på Varaldsøy 24. mai i år. Rusefangst av laks opp elva i Uskedalen gav ikkje resultat og tiltaket er avslutta.

Det vart sett i gang overvaking og gjenfangst i ei rekkje elvar i Hardanger og Kvinnherad. I ein lengre artikkel i BT 1. juli vert særleg elvane i Norheimsund og Uskedalen omtala med rusefangst. Anbjørn Høivik, leiar i Uskedalen Grunn- og elveeigarlag, kan stadfesta at Uskedalselva var ein del av handlingsplanen med å fiska opp rømt Lingalaks. Ein er godt nøgd med at det ikkje vart funnen slik laks i vassdraget i Uskedalen. Det ville vore svært uhelding om kjønnsmogen oppdrettslaks hadde blanda seg med villaksen. Om uhellet er ute på nytt med røming, vert det tilrådd å starta gjenfangst så tidleg som mogeleg.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal